

Sak 30-21 Tema 6. Fritidshus

Fritidshusa får frådrag for felles oppsamlingseiningar, men påslag for rydding rundt mottakspunkta, mengdene med restavfall og ettersortering av restavfallet for å ta ut gjenstandar som ikkje kan gå til energigjenvinning. Store gjenstandar i restavfallet vert ikkje godteke av mottakarane. Derfor må slikt containeravfall etterkontrollerast.


Bruken av fritidshusa er etter kvart meir og meir heilårsbruk, med toppar rundt høgtider og feriar.

Levert mengde restavfall frå fritidshus i 2019 er 123 kg pr eigedom. Pr bueining fastbuande er tilsvarende gjennomsnittstal 159,8 kg. Levert mengde restavfall frå fritidshus er såleis 77 % av ei hushaldning i dag, så kjem opprydding og ettersortering i tillegg.

Eg har ikkje nytta 2020 tal, som er enda høgre i disfavour av fritidshusa. Pga Covid -19 mengder, brukar eg 2019 tal.

Mengdene restavfall i samanlikning med hushaldningane, talar for at fritidseigedomane burde fått oppjustert sitt gebyr. MD forslår innført kjeldesortering og for disse, og ei oppgradering med samling i færre mottakspunkt, tilgangskontroll og utvida sorteringsløyisingar er eit vedteke satsingsområde i åra som kjem. Vi har eit anlegg i Volda og neste anlegg opnar i Ørsta i 2022.

Vi foreslår derfor å innføre eigen sats for dei som får sitt hentepunkt på slike oppgraderte anlegg ved neste revisjon av forskrifta, med nye kategoriar. Kategori V: 80 %. Kategori VI: 50 %. Kategori VII: 20%.



Petter Bjørdal